



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Årsmelding 2025 frå Styret

Styret. Valde på årsmøtet 27.03.25 :

Leiar: Magnar Nasset, Styremedlem: Marit Nagel Rønningen kasserar , Tim Johnston sekretær, Kari Vogsland, Marit Elise Hamnebukt. Tim Johnstone måtte fratre , leiar tok over som sekretær, møtande vara Mette Fredly gjekk inn som fullt styremedlem. Da ho frå september har opphaldd seg utafor vårt fylke -har ho deltatt på styremøte på video. Styret vart supplert med møtande vara Hans Otto Jaegels.

Det nye styret har hatt møte kvar månad , med unnatak av sommarferien.

Medlemstalet pr 01.01.26 var 326 . Det er 95 nyinmeldte.

Pr 31.12.24 var talet 236

Aktivitetar /arrangement

Klimakafé har , som tidlegare år, vore faste arrangement, andre torsdagen i månaden. Frå starten av året fann møta stad på Skien bibliotek, seinare ved fleire ulike stader. Dei siste møta har vore på Lie bydelshus -som no er Frivillighetens hus, kor vi har avtale om å ha møte kvar 2. tirsdag i månaden. BKA har ansvar for å finne tema, skaffe innleiarar og det praktiske - mens ein del av møta har Naturvernforbundet i Grenland hatt hovudansvar for.

13.2. : Naturen og oss. Arne Nævra.

13.03.: Togferie i Europa. Kristian Skjellum Aas.

10.04.:Økotopi.Andrew Kroglund (generalsekretær BKA).

08.05.:Kor vinn naturen -og kor tapar den? Einar Wilhelmsen gen.sekr. i SABIMA

12.06.:Sammen om maten. André Thronsen -frå Den grønne nabo

13.09.:Naturmangfoldsplan for Skien kommune -v/ Jonas Haugen og Sigbjørn Gjelseth

07.10.:Sirkulær økonomi innenfor planetens tålegrense Per Hjalmar Svae



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Årsmelding 2025 frå Styret

13.11.: Hvordan kan vi skape en bærekraftig økonomi Arild Vatn

Førjuls møte med info frå Naturvernforbundet og BKA i Telemark; samtalar om klima, natur og vår velferd; med innspel frå frammøtte.

2026: 08.01: Oslofjorden i krise NNVF v/Per-Erik Schulze, Tuva Løkse, Odin Thune.

Medlemmar har deltatt på Landsmøte i Moss i 26-27. april. Frå Telemark er Marit Nagel Rønningen frå Skien nyinnvald i landsstyret, i tillegg til Torunn Hovde Kaasa frå Tuddal.

Styremedlemmar har deltatt på Haustsamling cor BKA, Oslo 18 oktober.

Sosiale media : Brukt facebook til informasjon og mobilisering til arrangement

Medlemmar har bidratt med innlegg , publisert i aviser og på facebook.

Valkampen

Det har vore arrangert stands og vi har deltatt i arrangement gatefest under Demokratiuka i Skien med parole STÅ OPP FOR KLIMA OG MILJØ . Under desse arrangementa spreidd mykje av det gode materialet frå BKA sentralt -materiale med BKA sine stand punkt og politiske krav

Av andre nasjonale markeringar har vi deltatt i postkortaksjon, brev til statsministaren om å bidra ved COP med «klimafinansiering» til prosjekt i fattige land

Klimaendringar/tilpassingar/naturvern –

Her har det som forrige år vore aktivitet i samarbeid med andre organisasjonar Grenland sportsfiskere, Telemarkskanalens venner, Bevar sjøveien til Telemarkskanalen - med mange innspel knytt til Skien brygge –fremja motstand mot å bygge i elva.

Lokalt og frå styret har BKA engasjert seg rundt planene om gruvedrift ved Fensfeltet.

Det kan ha vore andre aktivitetar rundt i fylket -som ikkje styret har vore involvert i , som vi ikkje har oversikt over.



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Årsmelding 2025 frå Styret

14.01. deltok fleire frå oss saman med BKAarar i Vestfold i markeringar ved Park Hotell i Sandefjord ,arrangement kor regjeringa delar ut konsesjonar til oljeleiting/utvinning. Godt samarbeid med Extension Rebellion.

08.03.Deltaking på 8.mars arr. I Porsgrunn «Klimakamp er kvinnekamp»

27.03. Årsmøte

26.04. Deltatt i gjennomføring av klesbyttedag i Porsgrunn -i samarbeid med Naturvernforbundet.

6.-27. 04. Landsmøte i Moss

01.05. Deltatt i 1.mai-tog i Porsgrunn og Skien., med parolar om ny klimapolitikk.

Distribuert Verdens beste nyheter

31.05. Bærekraftfestival i Skien . Stand/telt med materiale og med underhaldning frå visesongar, snekting av humlekassar, mini klimasti osv.

13.06 Stand Brotorvet , Stathelle Distribuering av materiale -ma Verdens beste nyheiter

07.08. Stand Lietorvet -Delt ut materiale ma. ang. stortingsvalet

14.08. Stand Herkules Delt ut materiale ma. ang. stortingsvalet

21.08. Arendalsveka -Deltaking ein dag, klimavandring, BKA-arrangement og andre foredrag

30.08. STÅ OPP markering , Skien. Deltatt med Telt/stand utdeling av materiale, sykkelskyss, appell,

04.09. Stand Brotorvet, Stathelle

20.09. Marknadsdag i Langesund. Telt/stand med utdeling av materiale og pepperkaketorsk



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Årsmelding 2025 frå Styret

16.09. Fensfeltet. Deltatt i møte i kommunal regi, og 22.09. i regi av MDG.

17.10. 10-års markering BKA Grenland med inviterte gjestar lokalt og frå sentralt.

7.10. Arrangert opent møte om klima og beredskapsarbeid i Skien, med innleiarar

22.10. Deltatt på folkemøte om kraftline Porsgrunn-Bamble-Tønsberg.

Høyringsinnspel

03.11. Stand på Lietorvet – Samla underskrifter på «Postkort til statsministeren» om å bidra på COP med auke bidrag til klimafinansiering

30.11. Julemesse i Brekkeparken. Deltatt med telt/stand, delt ut materiale, pepperkaketorsk

Klimasti

– klimastien vart oppretta i fjor i Skien fritidspark, materiale lagd gjennom dugnad - består av oppsatte stativ med informative plakatar med informasjon. Etter vinterstenging gjenoppna frå mars.

Skien brygge

– BKAarar vore viktig kraft i eit breitt samarbeid (-m Bevarar sjøveien til Telemarkskanslen, Sporgtsdfiskefor,)Ut frå vårt fokus klimatilpassing/klimarisiko og natur/artsvern. Deltatt i møte med utbygger. Det er gjort ei rekke skriftlege innspel som høyringsinnspel, påklaging/anking av vedtak ang. løyver til utbygger/ utbyggingsprosessen etc, klage til eigar av Ban NOR; over saksgangen osv.

Fensfeltet

Deltatt med skriftleg høyringsinnlegg. Deltatt som invitert i to dialogmøte (panel) i regi av kommunen.

Lietangen hyttefelt, Kragerø

Høyringsskriv utarbeidd av BKAarar lokalt



Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark

Årsmelding 2025 frå Styret

Kraftledning Porsgrunn-Bamble – Tønsberg

Sendt høyringsbrev

2026

Naturmangfaldsplan Skien -Sendt høyringsbrev